

KOMMISJONSVEDTAK**av 28. januar 1997****om fastsetjing av identifikasjonssystemet for emballasjemateriale i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 94/62/EF om emballasje og emballasjeavfall(*)**

(Tekst som er relevant for EØS)

(97/129/EF)**KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 94/62/EF av 20. desember 1994 om emballasje og emballasjeavfall⁽¹⁾, særleg artikkel 8 nr. 2, og

ut frå desse synsmåttane:

Identifikasjonssystemet skal vere frivillig, i det minste i første omgang, men systemet må kunne reviderast for å avgjere om det skal gjerast obligatorisk på eit seinare stadium.

Identifikasjonssystemet bør jamleg vurderast på nytt og eventuelt endrast etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 21 i direktiv 94/62/EF.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 21 i direktiv 94/62/EF -

GJORT DETTE VEDTAKET:**Artikkel 1**

Føremålet med dette vedtaket, som gjeld all emballasje som direktiv 94/62/EF omfattar, er å fastsetje dei tala og forkortingane som identifikasjonssystemet skal byggje på for å syne kva slags emballasjemateriale som er nytta, og dessutan å opplyse om kva materiale identifikasjonssystemet omfattar.

Artikkel 2

I dette vedtaket

- gjeld dei definisjonane som er fastsette i artikkel 3 i direktiv 94/62/EF, når det er aktuelt,
- tyder «komposittemballasje» emballasje som er framstilt av ulike materiale som ikkje kan skiljast frå kvarandre for hand, og der ingen av materiala utgjer meir enn ein viss vektprosent som skal fastsetjast etter framgangsmåten i artikkel 21 i direktiv 94/62/EF. Eventuelle unntak for visse materiale kan fastsetjast etter den same framgangsmåten.

Artikkel 3

Tala og forkortingane i identifikasjonssystemet er fastlagde i vedlegga.

Bruken av tala og forkortingane skal vere frivillig for plastmateriala nemnde i vedlegg I, papir- og pappmateriala nemnde i vedlegg II, metallmateriala nemnde i vedlegg III, tremateriala nemnde i vedlegg IV, tekstilane nemnde i vedlegg V, glasmateriala nemnde i vedlegg VI og komposittmateriala nemnde i vedlegg VII.

Etter framgangsmåten i artikkel 21 i direktiv 94/62/EF kan det gjerast vedtak om å innføre eit obligatorisk identifikasjonssystem for eitt eller fleire materiale.

Artikkel 4

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 28. januar 1997.

For Kommisjonen

Ritt BJERREGAARD

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 50 av 20.2.1997, s. 28, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 93/97 av 28. november 1997 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(¹) TEF nr. L 365 av 31.12.1994, s. 10.

VEDLEGG I

Tal og forkortinger⁽¹⁾ for plast

Materiale	Forkorting	Tal
Polyetylentereftalat	PET	1
Polyetylen med høg tettleik	HDPE	2
Polyvinylklorid	PVC	3
Polyetylen med låg tettleik	LDPE	4
Polypropylen	PP	5
Polystyren	PS	6
		7
		8
		9
		10
		11
		12
		13
		14
		15
		16
		17
		18
		19

⁽¹⁾ Berre blokkbokstavar skal nyttast.

VEDLEGG II

Tal og forkortinger⁽¹⁾ for papir og papp

Materiale	Forkorting	Tal
Bølgjepapp	PAP	20
Annan papp	PAP	21
Papir	PAP	22
		23
		24
		25
		26
		27
		28
		29
		30
		31
		32
		33
		34
		35
		36
		37
		38
		39

⁽¹⁾ Berre blokkbokstavar skal nyttast.

VEDLEGG III

Tal og forkortinger for metall

Materiale	Forkorting	Tal
Stål Aluminium	FE	40
	ALU	41
		42
		43
		44
		45
		46
		47
		48
		49

VEDLEGG IV

Tal og forkortinger⁽¹⁾ for tremateriale

Materiale	Forkorting	Tal
Tre Kork	FOR	50
	FOR	51
		52
		53
		54
		55
		56
		57
		58
		59

(¹) Berre blokkbokstavar skal nyttast.

VEDLEGG V

Tal og forkortinger⁽¹⁾ for tekstilar

Materiale	Forkorting	Tal
Bomull Jute	TEX	60
	TEX	61
		62
		63
		64
		65
		66
		67
		68
		69

(¹) Berre blokkbokstavar skal nyttast.

VEDLEGG VI

Tal og forkortinger⁽¹⁾ for glas

Materiale	Forkorting	Tal
Fargelaust glas	GL	70
Grønt glas	GL	71
Brunt glas	GL	72
		73
		74
		75
		76
		77
		78
		79

(1) Berre blokkbokstavar skal nyttast.

VEDLEGG VII

Tal og forkortinger⁽¹⁾ for komposittmateriale

Materiale	Forkorting	Tal
Papir og papp/ulike metall		80
Papir og papp/plast		81
Papir og papp/aluminium		82
Papir og papp/fortinna blekk		83
Papir og papp/plast/aluminium		84
Papir og papp/plast/aluminium/fortinna blekk		85
		86
		87
		88
		89
Plast/aluminium		90
Plast/fortinna blekk		91
Plast/ulike metall		92
		93
		94
Glas/plast		95
Glas/aluminium		96
Glas/fortinna blekk		97
Glas/ulike metall		98
		99

(*) For komposittmateriale: C pluss forkortinga for det dominerande materialet (C/).

(1) Berre blokkbokstavar skal nyttast.